

Johan Falkberget

Leif Mæhle



Biografi på Høgtidsdagen
26.februar 1998

Da Henrik Ibsen i 1896 vart vald inn som medlem i Videnkabsselskabet i Kristiania, var hovudpunktet i motiveringa at "man særlig i Ibsens digtning fandt overensstemmelse med den moderne videnskabs aand" (Leiv Amundsen: *Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo*, 1, s. 306). Noko liknande er uttrykt i Asbjørn Øverås og Arne Bergsgårds motivering da Johan Falgberget i 1951 vart vald inn som medlem av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.

Sams for Ibsen og Falkberget, dei einaste norske diktarane som har vorte innvalde i vitskaplege akademi, er elles at dei bae først hadde vorte utnemnde til heidersdoktorar ved svenske universitet - Ibsen ved Universitetet i Uppsala i 1877 og Falkberget ved Stockholms högskola i 1950.

Dette vere nemnt som grunnlag for å hevde at ein *diktars* biografi, i vår akademi-samanheng, den kan ikkje vera berre ei skissering av hans liv og ytre gjerning. Det var som kunstnarar dei gjorde seg fortente til akademi-medlemskap, og det er i diktinga deira det er funne samsvar "med den moderne videnskabs aand". I diktinga, i litterære tema og i menneskeskildringane, er det vi også kjem Johan Falkberget aller nærmast inn på livet. Slike tankar ligg til grunn for min presentasjon av den mannen som vi igjen ønskjer å heidre i dette selskapet.

Johan Petter Falkberget vart fødd 30. september 1879 på garden Lillebakken i Rugeldalen ved Røros. Med støtte i eit gammalt dokument endra han alt som unggut namnet sitt til Falkberget. Faren, Andreas Pedersen, var erts-scheider i Christianus Sextus-gruva ved Røros Kobberverk. Mora, Gunhild

Johnsdatter Jamt, hørde til i ei slekt som vandra inn frå Jämtland kring 1680. Ved sida av bergverksarbeidet dreiv faren og familien den vesle garden ved Rugelsjøen. Det var ein lesande familie, med aviser og med bøker av bl.a. Victor Hugo, Zola og Bjørnson, og med ein folkeleg, grundtvigsk prega kristendom formidla gjennom åndshovdingar som Ole Vig og Anders Reitan. Men Johan fekk ikkje anna utdanning enn 1800-talets folkeskole.

Alt som åtteåring måtte han vera med som vaskarryss i gruva, og i Kongens Gruve tente han sitt brød til han var 27. Da hadde han alt i fleire år levert små skisser til lokalavisa *Fjell-Ljom*, og var no i gang med å skrive ei rad med folkelege forteljingar som han også fekk utgitt - "Mot lys og grav" (1901), "Naar Livskvelden kjem" (1902), "Hauk Uglevatn" (1906) er nokre av dei første; men det er "Svarte Fjelde" frå 1907 som blir rekna for hans eigentlege debut. I 1906 slutta han som gruvearbeidar, var eit års tid redaktør for den sosialistiske avisa *Nybrott* i Ålesund, og litt seinare (1908) redigerte han *Smaalenenes Socialdemokrat*. Etter dette kom han for alvor i gang som forfattar. Han flytta med familien til Kristiania og vart buande der i heile den viktige etableringsfasen, fram til 1922. I denne perioden gav han bl.a. ut eit par verk som han vann stor popularitet på - den historiske romanen *Eli Sjursdotter* og den humoristiske samtidssatiren *Bør Børson jr.* I 1922 flytta han heim att til Rugeldalen, og på heimegrunnen bygde han opp garden Ratvollen, som seinare vart fast bustad og heim for Johan Falkberget og familien hans. Gardsbruket dreiv dei på fjellbønders vis fram til 1947. Og her var det dei store historiske romanverka hans vart skapte.

Men Falkberget stengde seg ikkje av frå omverda. Framleis var han aktiv som journalist, i lokalavisene *Fjell-ljom* og *Arbeidets Rett*, seinare også i *Socialdemokraten*, *Arbeiderbladet* og *Arbeider-Avisa*. "Jeg har nok produsert mer i 'gjesterollen' som journalist enn som forfatter," sa han ein gong. (Einar Døhl: *Johan Falkberget på nært hold*, s. 101). Og heile livet var han ein populær og mykje nytta talar. Litt nølande lét han seg også engasjere og bruke i sosiale og politiske verv, særleg i lokalsamfunnet. I fleire år var han medlem av Glåmos heradsstyre, og han var lenge nestformann i styret for Røros Kobberverk. Heile livet var han levande oppteken av tilstanden og utsiktene for Kobberverket, Bergstaden og lokalsamfunnet omkring. Her er vel òg viktigaste grunnen til at han tok på seg vervet som stortingsmann (for Arbeiderpartiet) i ein periode, 1930-33. Etter innsatsen hans i 1930-åra vart det sagt at "Johan Falkberget var Røros Kobberværks annen skaper". Som ei markering av dette og som takk for innsatsen fekk ei av gruvene ved Christianus Sextus-feltet (i 1938) namnet "Johan Falkbergets gruve". Frå 1930 av hadde Falkeberget diktargasje; i 1960 fekk han her i Selskabet ta

imot den ærefulle Gunnerus-medaljen - "for hans litterært-historiske innsats"; i 1963 vart han tildelt offentleg æreslønn for resten av livet, og på 85-årsdagen i 1964 vart han heidra med Borgardådsmedaljen i gull.

Slik kan ein rite opp nokre markeringspunkt i Johan Falkbergets ytre biografi. Det skal no vera min påstand at i *diktinga* kjem vi han nærmare inn på livet; i summen av dei litterære verka hans er det vi må søkje hans indre og eigentlege biografi. Sjølv gav han ein gong uttrykk for dette slik: "Både Sigismund og Ol-Kanelesa er strengt tatt sjeler av min sjel" (Døhl, s. 74).

Som diktar står Falkberget som ein av dei store epikarane i norsk litteratur. Livsverket hans spenner over dei seks første tiåra av dette hundreåret, men i sitt episke spenn femner bøkene hans over 2-3 hundreår norsk historie - eit ruvande rike er det han har skapt gjennom sitt 60-årige diktarliv. Hans samla produksjon er på nærmare 50 bøker. Eit mylder av menneske, scenar og livssituasjonar dikta han inn i denne verda. Som diktar var han på same tid jordnær realist og utopisk drøymar - ein stridsmann mot sosial naud og urett, og samtidig ein romantisk dyrkar av tradisjon og seremoniell prakt.

Det er eit merkeleg samla diktarlandskap. Nokre sjeldne gonger - t.d. i så ulike bøker som *Brændoffer* (1917) og *Bør Børson jr.* (1920) - har han glimtvis skildra livet i større bysamfunn, utan begeistring. Elles har praktisk tala heile diktinga hans utgangspunkt og sentrum i Røros og fjellvidda og gruve-drifta der omkring. Dette nye, store og merkelege landskap og bergmannsrike tok han med seg inn i norsk litteratur - dét er ei av hans bragder som diktar. I små glimt kan han la oss få oppleva vår og sol og sommar over fjellheimen; da er det eit vedunders vakkert rike, og det er vel dette han sjølv tenkjer på når han skriv i eit brev frå Italia: "Jeg har sittet mellom ruiner i Forum Romanum og ønsket meg heim til eldhuset nord ved Rugelsjøen." - Men likevel: det som mest rår i Falkbergets naturrike, er vinter, kulde, isande nordavind, piskande snøstorm - ei nedfrosen verd det meste av året. "Här er hemskt," tykkjer ein av dei innvandrande jemtane i *Christianus Sextus*, "Det är inte ett ställe för människor, utan för djävlar."

Men i denne barske og motsetningsfulle naturen er det altså menneska hans lever og ferdast. Her er ei utfordring til menneskeleg trott og trufast arbeid, i sjakter og gruver med verdifulle metall som kallar på bergmannens foredlende innsats. - Menneska er ulike i yrke, sosial rang og materiell status, enda dei aller fleste i dei store romanverka har eitt eller anna med gruve-drifta eller bergmannssamfunnet å gjera. I menneskemyldret anar vi konturane av potentatar og rike forretningsmenn, bergverksdirektørar og andre lokale

storingar, i rad og rekkje nedover til stigarar og oppsynsmenn, i eit fingreint hierarki og system av yrkesnemningar og titlar. Men dei fleste er frå underklassen, skildra med grotesk realisme, med skarp sosial tendens ofte, og alltid med varm medkjensle for dei som har det vondt og lir urett; om dei fleste kunne nok dikteren ha sagt: “- strengt tatt sjeler av min sjel”.

Mest samansett er den menneskevrømmelen vi møter i romansyklusen *Christianus Sextus* - menneskelagnader frå mange kantar, rista i hop med det nystarta Kobbervirket som samlande midtpunkt. “Kobbervirket var Alfa og omega,” står det. “De fleste satt her som bergmenn i tredje og fjerde ledd. I Lorentz Lossi og kammerjunker Jürgens dager kom de første geseller, jåmter, sachsere, friesere, og slesvig-holstenere fra syd og nord, enkeltvis og i flokk og følge, frie og livegne, brennmerkede og hederlige. [...] de parlerte lenge i mange tungemål nede i orter og schachter - - - til de slo seder og skikker i samme fat, blandet blod og støptes om igjen i fjellets store smeltdigel.”

I samspel og brytningar mellom alle desse spring Falkbergets førestillingar og idear om mennesket og tilværet fram. Dei som målber diktarens tankar, er nesten alltid enkle, ærlege slitarar av vanleg arbeidsfolk - ein Blind-Steffa, Peder Monsen Rugelsjøen, svenskane Brodde, Tol Olofsson og vesle Gölin, og i *Nattens brød* An-Magritt og ein degradert original som kølfogden Hedström, denne *advocatus dei* som stadig dukkar opp med loddsnora, ridande baklengs på hesteryggen. Meir enn nokon annan er smeden og klokkaren Ol-Kanelesa i *Den fjerde nattevakt* ein levande inkarnasjon av diktarens tru på kvalitet og moralsk mot og styrke hos ein enkel, gjennomprøva mann av folket. I skarpe replikkar og enkle fyndord spring diktarens meningar og livsoppfatning fram, men aller mest gjennom hendingar og handling. All fattigdom, svolt, slit og sosial urett som han skildrar - i sum er det likevel ikkje noko dystert og negativt bilete vi møter i Falkbergets diktning. Livsholdninga er open, positiv og akseptierende. Sansen for livet, respekten for alt levande, veikt og vesalt eller stort og strålande, gleda over rikdomane i livet - dét er hovudintrykket. Om Kiempeplassen, heimen til An-Magritt, som ho og farfaren har rudt og odla av steinut utmark, heitere det: “Kornåkrer og redskaper, hester og natur der var frukten av ja til livet.”

Og ein ting til som særmerkjer livsbiletet i denne diktninga: *humor* og *sjølvironi* er lagt som eit mildt slør over menneskeskildringa. For eit muntert drag av humor og komikk ligg det ikkje i ein figur som bergløytnant og organist Adam Salomon Dopp eller kølfogden Hedström. Eller den fine blanding av folkeleg livsvisdom og underfundig skjemt som vi møter i samtalanene mel-

lom smeden og klokkaren Ol-Kanelesa og den patetiske presten Benjamin Sigismund i *Den fjerde nattevakt*. Alt dette gir perspektiv på menneska og livet, og dermed ein spesiell dimensjon til diktinga.

Nokon velordna livsfilosofi kan vi ikkje lett lesa direkte ut av denne diktinga. Som Kristian Magnus Kommandantvold har vist i si gedigne doktoravhandling frå 1971, *Johan Falkbergets bergmannsverden*, ligg meiningsinnhaldet ofte løynt - lik malmen i djupe gruvegangar - i eit vidgreint mønster av dobbeltydingar og bergmannssymbol, og i dette som Kommandantvold kallar “*Falkbergets transcendentale realisme*”. Men følgjer vi idéberarane og dei tematiske hovudlinene i diktinga og held dei saman med det Falkberget sjølv har sagt andre stader, i artiklar, talar, intervju og brev, ja, da får vi eit tolleg klart bilete av hans tankar om livet og tilværet, om mennesket og maktene.

Eit fundament i Falkbergets tankeverd er at i sin inste grunn er livet rikt og tilværet godt, og at meininga for mennesket er at det skal få del i dei rikdomane som livet eigentleg inneheld. Slik ber diktinga hans fram eit høgt, positivt og i grunnen optimistisk syn på mennesket og menneskelivet. Einskildmennesket får høg rang og vørndnad, og store rettar, men òg plikter andsynes medmenneska. Dette igjen får konsekvensar for etisk, sosial og politisk tenking og handling. Langt på veg kan ein sjå denne sterke menneskelege, humanistiske forankringa som *ein* bakgrunn for hans varme godhug og kjærleik til alt vesalt, veikt og lidande, og like eins for hans sosiale appell og politiske engasjement - hans freds- og brorskapsidealisme og hans sosialisme. - Men harde prøvingar må ofte til før det edle metallet i mennesket kjem for dagen. Av dei mange døma på dette skal eg referere eitt.

Ein sentral person i *Christianus Sextus* er Peder Monsen Rugelsjøen, ertzscheider i bergløytnant Dopps teneste, eit klokt og tenksamt menneske og ein uvanleg dugande bergmann: Ein dag da han brått støyter på den verkeleg store malmgangen, blir han freista til å løyne dette for Dopp, slik at han sjølv kunne bli rik gruveeigar. Men han greier å drive freistinga tilbake og vinn til slutt ein stor etisk siger: “Og så reiste han seg nesten forundret,” står det “- satte luen på - tok tranlampen ned av stativet, trakk opp den rykende veke og gikk fast og mandig gjennom durchslaget. En oppreist mann! [...] Den dagen for Peder Monsen Rugelsjøen over Vóla til Bergstaden på to timer; ellers brukte han som andre tre - sier og skriver tre timer. - - - Han bar ikke annen og tyngre bør enn en liten stjerne i hjertet.”

Det er visst rett å hevde at det er på eit menneskeleg grunnlag Peder her må

kjempe seg gjennom sitt etiske problem. Det fullverdige mennesket maktar ikkje å leva i medvitet om ein alvorleg etisk svikt. Men scenen er sett inn i ei tydeleg bibelsk ramme. Skriftordet om Jesus som blir freista av djevelen renn brått fram i Peders minne.

No er det generelt slik at det knyter seg ei mengd folkelege truer og mytiske, halvreligiøse førestillingar til menneskelivet i Falkbergets diktning. Fjellmannsliv og bergmannsyrke er frå gammalt av sveipt i eit nett av folketruer. Tallause ting i naturen og i kvardagslivet er teikn og varsel som menneska må innrette livet sitt etter. Det florerer med eldgamle mytiske førestillingar, talmystikk, astrologi og ein omfattande gruvemytologi. Personane har ein sterk dragnad til overtru og til det mysteriøse og uforklarlege. Berre dei færraste har klarsyn, kunnskap og moralsk mot til å trengje gjennom overtrua og - som An-Magritt - møte slikt med utropet "Tullprat!"

Framfor alt er denne diktinga gjennomstrøymd av tilsig frå to kjelder - bergmannslivet og bibelsk-religiøse førestillingar, symbol og stilelement. Ofte renn desse to straumene i hop til ein. Liv, hendingar og arbeid her i verda - og gruvelivet ikkje minst - ligg svært ofte i eit bibelsk-religiøst dobbeltlys. Personar og episodar får rolle, rang og meining som parallellar til bibelske forteljingar. "Han skapte naturen om til Det hellige land," står det om presten Hr. Jens i *Nattens brød*. Kristus-parallellane er mange, og religiøs tru og kristne tankar er ofte sterke realitetar i dei livsbileta som Falkberget teiknar, særleg hos arme og hardt prøva menneske. Gripande uttrykk for dette får vi i *Christianus Sextus*, t.d. i skildringa av korleis veslejenta Gölin lyt lesa vel-signinga over farfaren Tol Olofsson, som døyr på den slitsame vandrainga over grensefjella.

Det kan neppe vera tvil: det er ein kristen humanisme vi møter hos mennesket og dikteren Johan Falkberget. Gong på gong sa han sjølv frå om dette, klart og ettertrykkeleg. Tallause sitat kunne hentast fram. Og framfor alt er ei rad sentrale personar i romanane ei levandegjering av diktarens religiøse grunnsyn.

Det verdsbiletet vi møter hos Falkberget, er prega av ei skapande og ordnande allmakt. Synet hans på mennesket og menneskelivet byggjer på tanken om at mennesket har sitt utspring i ein god og mild skapar og opphaldar og er sett inn i hans skaparverk for å nyttiggjera seg alle dei goda som der finst. Dette synet får viktige konsekvensar for mennesket sin plass og situasjon i tilværet. Mennesket får eit forpliktande etisk og sosialt ansvarsforhold and-synes medskapningane. Dette kristne-humanstiske menneskesynet - at alle

menneske er av Guds slekt - fører direkte til den brorskapstanken som er ein av dei berande ideane både i Falkbegets diktning og i diktarens innsats for fredssaka, i talar, artiklar og i direkte politisk aktivitet. Det same gjeld hans kamp mot dei sosiale og økonomiske urettane i samfunnet, striden hans for dei underprivilegerte og utbytta, *mot* dei som med politisk maktmisbruk og økonomisk trælking krenkjer dei heilage menneskerettane - anten det skjer i dag eller for 300 år sidan. Det er "den karakteristiske forening av kristen tro og sosialt rettferdspatos som besjeler hans diktning," seier Kommandantvold. - Og det er ingen slump at alle dei gode, dei høgreiste menneska i diktinga hans står fram med eitt eller fleire Kristus-drag i profilen. Blant dei uslaste og mest forkomne viser ofte det djupast menneskelege seg.

Men Falkberget er ikkje blind for vondskapen og djevlemaktene i tilværet. Framfor alt ser han ulykker og elende i samanheng med pengegir og økonomisk og sosial utbytting. Meir enn nokon annan stad viser han dette i dei grelle miljøskildringane i *Nattens brød*. Men her har han også skapt visjonen av det oppreiste mennesket, i oksekjørerka An-Magritt. Det som meir enn noko anna særmerkjer denne hardt prøva, lidande og slitande, men likevel sigrande 1600-talsjenta, er den urokkelege livstrua, den sjølvsgade sansen for rett og urett, og dei mange Kristus-parallellane. Ho er ein levande inkarnasjon av diktarens draum om det fullverdige mennesket.

Særleg tydeleg kjem dette fram i band 2 av *Nattens brød*, i dei kapitla som skildrar korleis An-Magritt sit i arresten saman med ei fjøstaus, skulda for barnedrap og ventande på det som kan bli ein dødsdom. An-Magritt som sjølv er i ein dødsens alvorleg situasjon, rett nok saklaust skulda av ein vondsinna bygdesladder, blir ein trøstar og medlidar for den arme fjøstausa. Ho tilbyr fjøstausa å ta på seg hennar brotsverk og kler henne til slutt i si eiga fine drakt. Ho syng salmar for henne, samlar regnvatn frå ljoren i hendene sine og let fjøstausa få drikke av dei. Kvar gong fjøstausa bøyer hovudet og drikk, kviskrar An-Magritt: "I Jesu Kristi Guds sønns navn!" - Og så står det: "Var det engler til stede i arresten knelte de sikkert rundt dem i den tro at nå ga An-Magritt fra Kiempeplassen sin lidelses-søster vinen i det hellige Alterens sakrament." - Det er ein naken og sterk intensitet over desse scenane i ein norsk bygdearrest på 1600-talet.

Kjærlighets veier heiter det fjerde bandet av *Nattens brød*. Det kom da dikteren fylte 80 år, i 1959. Til slutt i dette siste bandet sit An-Magritt att i smerteleg sorg og sakt etter sin kjære Johannes, den tyske konstknekten og hjulmakaren, som er brutalt skoten ned av hennar eigen far, Ole Soldat. Det siste ho gjer, er å gi bygslarar, leigendingar og husmenn odelsrett til bruka,

ei handling som ho utfører saman med kølfogden Hedström og i hans loddnors teikn - for si tid ei verkeleg radikal handling. Da er ho sjølv dødsmerkt. *Cor dolor*, hjartesorg, er den diagnosen som dr. Luther gir Hedström da ho er død.

Sluttscenen i dette mektige romanverket er både gripande og - litterært sett - uhyre dristig. Utan bakgrunn i lagnaden og den forunderlege livssoga til An-Magritt ville det vera fare for at scenen ville bryte saman, men med den plass og posisjon denne scenen har fått i verket, må ein ha grunn til leggje stor vekt på han, som berar av eit viktig idéinnhald i romanserien og i diktarprofilen til Falkberget. Derfor skal vi til slutt la hans diktarbiografi stanse her, ved utsynet mot denne siste høgda i dikarlandskapet.

Siste natta ho lever, har An-Magritt ein draum, som tydelegvis følgjer henne inn i døden. Ho tykkjer at ho enda ein gong sit i malmsleden og køyrer Hovistuten over den islagde Årvsjøen.

“Langt borte på snøen så hun en dårlig kledd mann. Vinden rev og slet i koften hans. Her og der snublet han i en skavl og ble liggende men reiste seg igjen og gikk videre fra varde til varde. Hun skjønnte at han var helt nedåtlagt av sult. Av den ble en ustø på foten. Frøs vel òg?”

Vent! ropte hun. Vent! Vent!

Hun satte Hovistuten i tvisprang. Endelig nådde hun att ham.

Vil du ha skyss? sa hun. Du ser trøtt og svultin ut. Du skal få en brødlev av kjørenisten min. Jeg stekte den i hui og hast i natt før vi spente for og dro avsted.

Han steg inn i karmen bak henne. I natt! Og den brødleven vil du gi meg?

Han var mer sjående enn noe jordisk menneske.

Annet brød har jeg it i ferdalaupen min - sa hun forlegen.

Han bøyd seg ned over henne.

It skal du gi meg den brødleven fåfengt - sa han. Vet du ker det står prentet i evangelium? Den som gir en tørstig et beger kaldt vatn å drikke skal it miste si lønn!

Hun vendte ansiktet glad og lykkelig mot ham og smilte.

Da så hun naglegapene i hendene hans - det var Ham.”